



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Anne Marte Wiland Sæle  
Telefon: 57643107  
E-post: fmsfase@fylkesmannen.no

Vår dato  
26.02.2014  
Dykkar dato  
23.08.2013

Vår referanse  
2013/2010 - 635  
Dykkar referanse

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Førde kommune

## Ansvar for kostnadane med skuleskyss

Fylkeskommunen har i brev av 21.03.2013 bedt Fylkesmannen gi pålegg om fordelinga av skysskostnadane for skuleåret 2012/2013, sidan Førde kommune og fylkeskommunen ikkje har greidd å bli samde om dette. Førde kommune skriv i si vurdering at saka frå deira side gjeld skuleskyssen både for skuleåret 2012/2013 og 2013/2014. Vi gir i denne saka pålegg om deling av skysskostnadane for skuleåret 2012/2013, ettersom det er dette spørsmålet som formelt er fremja for oss.

Det følgjer av opplæringslova § 13-4 andre ledd andre setninga at departementet kan gi pålegg dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skuleskyssen kan organiserast og finansierast. Fylkesmannen har fått delegert myndigheit etter denne regelen.

Fylkeskommunen og Førde kommune er ueinige om korleis reglane om ansvar for skyss etter opplæringslova § 13-4 skal forståast. Vi viser til vår behandling av førre sak, sjå vedtaket 19.12.2011, og andre brev om forståinga av regelverket på dette området 01.07.2009 og 24.06.2011.

Fylkesmannen bad i brev av 14.05.2013 om at kommunen og Fylkeskommunen opplyste om korleis dei hadde samrådd om skyssen dette året. Vi fekk svar frå Fylkeskommunen 27.05.2013, og svar frå kommunen 09.07.2013. Dei siste merknadene frå fylkeskommunen kom inn 23.08.2013. Vi beklagar at det har tatt lang tid å behandle saka.

## Konklusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune må for skuleåret 2012/2013 dekkje 50 prosent kvar av dei ekstra skysskostnadane som følgjer av den timeplanen som er vedteken for skulane i Førde kommune for dette skuleåret.

## Regelverk

Reglane om skuleskyss går fram av opplæringslova, særleg kapittel 7. Utdanningsdirektoratet har uttalt seg om reglane i rundskrivet Udir-3-2009 *Særlege problemstillingar i samband med retten til skyss*.

Det følgjer av opplæringslova § 13-4 første ledd at ansvaret for skuleskyssen er delt mellom kommunen og fylkeskommunen, avhengig av kva elevgruppe det er som har rett til skyss og kva som er grunnlaget for skyssretten. Kommunen skal gjere vedtak om skyss for førskulebarn og skyss på grunnlag av farleg eller særleg vanskeleg skuleveg. Fylkeskommunen skal gjere vedtak på dei andre grunnlaga for skyss, til dømes lang skuleveg. Kommunane skal betale refusjon etter persontakst for grunnskuleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen. Tvisten i den aktuelle saka gjeld skyss av

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

grunnskuleelevar på grunnlag av lang skuleveg, noko som fylkeskommunen er ansvarleg for, jf. § 13-4 første ledd.

Opplæringslova § 7-1 regulerer skyss og innlosjering for elevar i grunnskulen. Skyssgrensa for 1. årssteg er to kilometer, medan grensa for 2.-10. årssteg er fire kilometer. Det følgjer av opplæringslova § 7-4 første ledd andre setninga at elevane har rett til tilsyn når det blir ventetid før undervisningstida tek til og etter at undervisningstida er slutt. Vurderinga av kor lang ventetid som kan akseptast, er knytt til den totale lengda på reisetida. Med reisetid meiner vi den tida eleven samla bruker frå han går eller reiser heimanfrå til opplæringa tek til, og frå opplæringa tek slutt til eleven er heime om ettermiddagen. Ventetida blir altså rekna med i reisetida. Når det gjeld kva som er forsvarleg reisetid, er det uttalt i Ot. prp. nr. 46 (1997–1998) s. 85: *”Departementet understrekar at skoleskyss må organiserast slik at elevar får ei akseptabel reisetid. Særleg er det viktig å organisere skyssen for 6-åringane slik at reisetida blir så kort som mogleg. I vurderinga av akseptabel reisetid må gangtid og tid med transportmiddel sjåast i samanheng.”*

Utdanningsdirektoratet har i eit brev til Sivilombodsmannen 30.04.2009 uttalt at siktemålet må vere at reisetida skal vere kortast mogleg, samtidig som omsynet til rasjonell organisering av skyssen blir ivareteke. Dette har Sivilombodsmannen slutta seg til i ei fråsegn datert 13.01.2010. Utdanningsdirektoratet har òg uttalt at vurderinga av kva som er akseptabel reisetid er skjønsmessig og kan variere med geografi, busetnad, samferdsle og skulestruktur ulike stader i landet.

Det følgjer av opplæringslova § 13-4 andre ledd at fylkeskommunen skal organisere skuleskyssen i samråd med kommunen. Kommunen må derfor, ved organiseringa av skuledagen på den einskilde skulen, ta omsyn til at kommunen og fylkeskommunen saman skal vere ansvarlege for ei rasjonell og trygg skyssordning. Avgjerder som blir tekne om skyss må drøftast og gjerast i samråd mellom kommunen og fylkeskommunen. Det er likevel kommunen som har det endelege ansvaret for å organisere opplæringa i grunnskulen, og mellom anna fastsetje når skuledagen skal starte og slutte, jf. opplæringslova § 13-1 og § 1-6 i forskrift til opplæringslova.

Vidare er det kommunen som kan fastsetje forskrift om skulerute etter opplæringslova § 2-2 fjerde ledd, så lenge omsynet til ei rasjonell og sikker skyssordning er teke med i vurderinga og saka er drøfta med fylkeskommunen. Når den kommunale skuleruta først er fastsett på rett måte, blir det eit kommunalt og fylkeskommunalt ansvar å gjennomføre og finansiere skyssen i samsvar med gjeldande reglar i forskrift om skulerute og opplæringslova. Den fylkeskommunale delen av ansvaret for organisering og finansiering gjeld då på vanleg måte, uavhengig av om det er samsvar mellom skulerutene til kommunen og fylkeskommunen.

Etter det vi forstår, er det samsvar mellom skulerutene til Førde kommune og fylkeskommunen. Problemet er timeplanane for skulane i Førde kommune, som inneber at det kvar dag er behov for meir enn ein skyss.

### **Fylkeskommunen sitt syn på saka**

Fylkeskommunen skriv i brev av 27.05.2013 at dei inviterte seg sjølve med på møta med dei skulefagleg ansvarlege i januar og februar 2012, men at det ikkje finst referat frå møta. Fylkeskommunen har lagt ved PowerPoint presentasjonen som vart brukt i møtet, og her går det fram at fylkeskommunen gjekk gjennom vedtaket frå Fylkesmannen av 19.12.2011 og presenterer korleis fylkeskommunen ser for seg vegen vidare. Fylkeskommunen skriv her at dei tenkjer at det er mogleg å vidareføre ordninga med ein betalt midtskyss, og at alle kommunar vil få høve til å drøfte sine problemstillingar.

Dei skriv vidare at kommunar som ønskjer andre løysingar må utgreie, vurdere og vekte alternativ, synleggjere omsyn til rasjonell transport og syne kvifor den aktuelle løysinga er valt. Fylkeskommunen har planlagt møte med dei skulefagleg ansvarlege i alle fire regionane, og eit møte med Fylkesmannen. Etter å ha samla inn synspunkt og gjennomført desse møta har dei planar om å sende ut brev om skuleskyss. Dei har også eit skriv om kontakt med kommunane, med oversikt over tidsfristar, t.d. når timeplanane må vere klare. Fylkeskommunen skriv at dei etter dette møtet sende ut det årlege brevet til kommunane om tinging av skuleskyss for skuleåret 2012/2013. Dei skriv at innhaldet i dette brevet vart endra noko etter dialogen som var i møta med dei skulefagleg ansvarlege, og etter dialog med Fylkesmannen.

Teksten som er tatt inn i brevet for 2012 er:

*Vi viser til møta som dei skulefagleg ansvarlege i kommunane har hatt no i januar/februar, der fylkeskommunen fekk vere til stades og temaet var skuleskyss og ekstra heimkøyring.*

*Fylkeskommunen sitt økonomiske ansvar for komande skuleår avgrensar seg til å dekkje ein skuleskyss utover ordinær skuleslutt på den same strekkja.*

*Dersom det vert lagt opp til ei skulerute som avvik frå framlegget til samordna skulerute, må kommunane gje melding om dette. Dersom kommunar ønskjer avvik frå den samordna skuleruta og/eller legg opp til meir enn ei ekstra heimkøyring, må kommunar som ønskjer avvik:*

- *utgreie, vurdere og vekte alternativ*
- *synleggjere omsyn til rasjonell transport*
- *syne kvifor den aktuelle løysinga er valt*

*Kommunane kan ta kontakt med fagkoordinator Eva Solhaug Fosshagen for å gjere avtale om eit eventuelt drøftingsmøte. På eit slikt drøftingsmøte vil det vere naturleg å samanlikne praktiske og økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen med konsekvensane for den enkelte kommune.*

Fylkeskommunen skriv at det etter desse møta er skular/kommunar som har endra på skuledagen for å få færre tidlege skyssar, t.d. Lærdalsøyri og Sunde skule. Fylkeskommunen skriv at dei har samrådd med kommunen gjennom å sende ut det årlege brevet. Firda Billag buss sende deretter ut ei skuleskyssliste som kommunen skulle fylle ut med elevar, skyss- og skuletider. Fylkeskommunen skriv at dei fekk lista tilbake frå Førde kommune i starten av mai 2012, og nye lister med mindre korrigeringar utover månaden. Fylkeskommunen skriv at dei fekk skysslista før dialogmøtet med kommunen, og meiner timeplanane var fastsette før dialogmøta.

Fylkeskommunen skriv at Førde kommune i dialogmøta 25.05.2012 og 08.06.2012 kom med forklaring på kvifor dei måtta ha meir enn ein tidleg skyss for veka. Dei skriv at kommunen peika på personalomsyn og romkabal som årsaker til at dei må ha fleire skyssar. Fylkeskommunen minner om Fylkesmannens formulering om at det ikkje er tilstrekkeleg å syne til at pedagogiske og organisatoriske grunnar talar for den løysinga som er valt. Dei vedtekte timetrappetrinna i Førde kommune styrer også organiseringa av skuledagen, skriv Fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har gjort eit utdrag av referatet frå møtet med Førde kommune;

- *6 timar er lenge for dei minste elevane, pedagogisk legg dei opp til 5 timar.*
- *Utnytting av lærarressursen på større skular – personalomsyn*

- *Vanskeleg å nå i hop med lærarar med 6 timars dagar og/eller 4 timar → difor kun ein dag med langdag for heile skulen*
- *Romkabal, vanskeleg for kommunen å ha nok undervisningsrom dersom alle elevane skal vere på skulen samstundes.*
- *Timetrappetrinna som Førde kommune har vedtatt seier at dei ulike klassetrinna har fastsett timetal per veke.  
1.-2. klasse, 24 timar, 3.-4. klasse, 25 timar, 5. klasse, 26 timar, 6.-7. klasse, 28 timar. Opplæringslova opnar for stor grad av fleksibilitet med fag- og timefordeling.*
- *Kan ikkje pålegge ein time ventetid for dei yngste elevane*

Fylkeskommunen meiner dei ikkje kan stillast økonomisk ansvarleg for ekstra skyssar når kommunens grunngiving er økonomisk. Dei viser til kommunens argument om for lite undervisningsareal, betre utnytting av pedagogisk personale og pedagogiske omsyn ved at kommunen har vedtatt eit eige timetrappetrinn for årstrinna som skulane er pålagde å følgje. Fylkeskommunen skriv at fleksibiliteten i opplæringslova er rimeleg stor, men at fleksibiliteten blir veldig avgrensa av at kommunen har vedtatt ei slik timetrapp. Dei viser til at det ikkje er føringar i opplæringslova om at timane på dei ulike klassetrinna må vere inndelte slik.

### **Kommunens syn på saka**

Kommunen skriv i brev av 09.07.2013 at usemja mellom dei og Fylkeskommunen har gått over mange år. Dei viser til brevet frå Fylkesmannen av 18.11.2011 og klargjeringa av regelverket som vart gitt der. Førde kommune skriv at Fylkeskommunen meiner retten til skuleskyss er knytt til skulens start og sluttid, men at Fylkeskommunen likevel gir ei opning for å vurdere dette gjennom å dekke ein skuleskyss utover dette.

Kommunen skriv at dei også er usamde om kva som ligg i at fylkeskommunen skal organisere skyssen i samråd med kommunen i § 13-4. Dei viser til at fylkeskommunen også i år har skrive i brevet 20.02.2012 at «Fylkeskommunens økonomiske ansvar for komande skuleår avgrensar seg til å dekkje ein skuleskyss utover ordinær skuleslutt på den same strekkja». Førde kommune meiner dette viser at fylkeskommunen heller ikkje i år har oppfylt samrådingplikta si. Det blir vist til brevet frå Fylkesmannen av 19.12.2011 der det står: «Fylkeskommunen har derfor etter vårt syn ikkje oppfylt si plikt til å samrå eller drøfte skuleskyssen med kommunen. Kommunen har då ikkje det nødvendige grunnlaget for å ta omsyn til at kommunen og fylkeskommunen saman skal vere ansvarlege for ei rasjonell og sikker skyssordning, slik lova krev». Førde kommune meiner dette stadfestar deira oppfatning av at fylkeskommunen ikkje einsidig kan fastsetje kor mange skuleskyssar dei dekkjer utover skulane si start og sluttid. Kommunen skriv at fylkeskommunen her gjennom innsparingstiltak har redusert talet på skyss frå tre til ein gjennom einsidige vedtak utan å drøfte konsekvensane med kommunen.

Vidare stiller kommunen spørsmål om korleis samrådinga mellom kommunen og fylkeskommunen skal gå føre seg, og kor langt ein skule skal gå i å tilpasse skuledagen til skysstidene på kostnad av det pedagogiske opplegget. Kommunen viser til brevet vårt av 19.12.2011 der vi skriv at kommunen i større grad skulle ha utgreidd og vurdert alternative løysingar før dei gjorde vedtak om timeplanen. Kommunen skulle på denne måten synleggjort at dei har teke omsyn til at dei saman med fylkeskommunen er ansvarlege for ei rasjonell og sikker skyssordning, at dei har vektat dette opp mot andre omsyn og kvifor dei har valt den løysinga som er valt. Kommunen skriv at dei har tatt dette til etterretning, og at dei i arbeidet med skuleskyssen for 2012/2013 har teke omsyn til dei punkta Fylkesmannen har peikt på.

Kommunen skriv at dei i samband med planlegginga av skuleåret 2012/13 hadde temaet skuleskyss oppe på rektormøte 15.03.12. I referatet har dei konkludert med at dei i prinsippet gjer rett, men at skulane frå neste år må «overdokumentere» kvifor og korleis. Skulane har vidare fått beskjed om å synleggjere at det ikkje er andre måtar å setje saman dagen/veka på etter det timetalet elevane skal ha. Vidare har skulane fått beskjed om at dei eventuelt må kalkulere og kunne rapportere ventetid frå skuleslutt til eleven er heime. Dei har også fått beskjed om at dokumentasjonen hastar, og at skulane ikkje kan leggje timeplanen før dette er gjort.

Førde kommune skriv at dei gjennom brev av 10.05.2012 tok initiativ til møte med fylkeskommunen om korleis dei kunne samordne skuleskyssen på dei ulike skulane. Kommunen skriv at dei tilbød fylkeskommunen ein gjennomgang av timeplanar og skyssordning for alle skulane, men at fylkeskommunen var nøgde etter møte med dei to skulane som har flest ruter utanom start- og sluttida. Møta var mellom fylkeskommunen, rektorar frå Sunde skule, Førde barneskule og skulefagleg ansvarleg.

I desse møta skriv kommunen at dei gjekk gjennom korleis timeplanen var fastsett og kva utfordringar skulane hadde med å få til skuledagen utan skuleskyss til dei minste elevane på andre tidspunkt enn skulens start og sluttid. Det vart gjort greie for utfordringane ved stadig nye timar frå statleg hald, og utfordringar knytt til utnytting av lærar- og romressursar dersom alle skulle slutte til same tid. Kommunen skriv at dei gjorde greie for fordeling av timar på dei ulike årsstega, ut frå måla i læreplanen. Dei viser til at læremåla er meir omfattande i 7. klasse enn i 2. og 4. klasse, slik at det er naturleg at dei eldste har lengre skuledag enn dei yngste. Det samla timetalet er heller ikkje slik at det kan fordelast likt på alle årsstega, og fysisk fostring som skal vere på 5.-7. trinn, gjer også dette vanskeleg, skriv kommunen.

Førde kommune meiner dei gjennom arbeidet skulane har gjort, og møta dei har hatt, har synleggjort at kommunen har teke både økonomiske, pedagogiske og praktiske omsyn ved fastsetjing av timeplanen. Dei viser til at fylkeskommunen i referatet skriv at det hovudsakleg er ei økonomisk utfordring for kommunen/skulen som gjer at Førde barneskule har fem og ikkje tre midtskyssar per veke. Kommunen viser til svaret sitt om at alle steinar er snudde, at pedagogikk, økonomi og foreldrerettar er vurderte, og at svaret deira er at midtskyss likevel er naudsynt. Kommunen er ikkje einig i fylkeskommunens vurdering av at dei har godkjent referatet, og fylkeskommunens ytring om at det i hovudsak er økonomiske grunnar til dei ekstra midtskyssane.

Kommunen skriv at grunnen til at Sunde skule har klart å redusere tal midtskyssar er at alle elevar har SFO, slik at behovet for skyss slik det er no fell vekk. Vidare har Sunde skule lagt leksehjelpa inn i skuledagen fordi alle elevane ved skulen har valt å ha leksehjelp. Ved Førde barneskule ønskjer ikkje alle foreldra SFO og leksehjelp, og skulen får difor ikkje til ein tilsvarande reduksjon i behovet for skyss.

Kommunen skriv at dei på små skular kan gi elevar undervisning i fleire timar utan ekstra kostnad, sidan det allereie er ein lærar der. Men på store skular vil dette koste ekstra lærartimar, og det kan ikkje fylkeskommunen pålegge kommunen. Førde kommune skriv vidare at dei har følgd dei same prosedyrane internt i kommunen, med krav om at skulane skal samordne timeplanen så langt det let seg gjere for å spare skyss. Dei har også dette året invitert fylkeskommunen til drøftingsmøte om skuleruta for alle skulane, men skriv at fylkeskommunen var nøgde etter møte med Sunde skule. Førde kommune meiner dei med dette har oppfylt plikta si til å drøfte og samordne skuleruta med fylkeskommunen, og at dei så langt det er forsvarleg har samordna timeplanane for elevane. Dei skriv at dei både har lagt vekt på økonomiske omsyn til skysskostnadar og pedagogiske omsyn som ligg i elevane

sine rettar etter opplæringslova og dei forskriftsfesta læreplanane. Dei skriv også at dei har tatt omsyn til at leksehjelp og SFO er frivillige tilbod.

Kommunen skriv at dei opplever at fylkeskommunen står fast på at dei ikkje dekkjer meir enn ein midtskyss. Dei opplever difor å bli pressa til å skulle vurdere løysingar på kanten av elev- og foreldrerettar, som påfører kommunen ekstra kostnader.

### **Fylkesmannens vurdering**

Fylkeskommunen skal organisere skuleskyssen i samråd med kommunen.

For at Førde kommune si fastsetjing av timeplanen for dei ulike skulane skal leggjast til grunn ved fordeling av ansvaret for organisering og finansiering av skuleskyssen, må kommunen ha samrådd med fylkeskommunen om fastsetjing av timeplanen. Vidare må kommunen ha tatt omsyn til at dei saman med fylkeskommunen er ansvarlege for ei rasjonell skyssordning.

Første spørsmål er difor om fylkeskommunen har samrådd om skuleskyssen. Det andre spørsmålet blir om Førde kommune har samrådd om timeplanen og i samband med det har teke omsyn til at kommunen og fylkeskommunen saman er ansvarlege for ei rasjonell og trygg skyssordning.

### Samråd om skyss

Fylkeskommunen skal organisere skuleskyssen i samråd med kommunen.

Vi viser til fylkeskommunens årlege brev om tinging av skuleskyss for 2012/2013 datert 20.02.2012, gitt att over.

I brevet datert 10.05.2012 skriv kommunen at dei melder inn skyssbehovet sitt til Firda bilag, med atterhald om moglege endringar som følgje av komande drøfting med fylkeskommunen. I same brevet inviterer kommunen til dialogmøte med fylkeskommunen for å drøfte skuleskyssen for 2012-2013.

Plikta til samråd eller drøfting inneber at den som skal ta avgjerd om eit spørsmål, må leggje saka fram for dei som skal vere med på samråd eller drøfting, og invitere til innspel og dialog om ulike løysingar før saka blir avgjort. Det ligg etter dette opp til avgjerdsorganet å vege ulike omsyn mot kvarandre og ta avgjerd på grunnlag av det som har kome fram under samrådet eller drøftingane.

Slik Fylkesmannen les meldinga frå fylkeskommunen, er utgangspunktet deira framleis at dei ikkje vil dekkje meir enn ein skuleskyss utover ordinær start- og sluttid. Men det er i årets brev lagt til rette for at kommunar som legg opp til ei alternativ skuleskyssrute, kan ta kontakt med fylkeskommunen for eit drøftingsmøte. Fylkeskommunen skriv at kommunar som legg opp til ei alternativ skyssrute, må utgreie, vurdere og vekte alternativ, synleggjere omsyn til rasjonell transport og syne kvifor den aktuelle løysinga er valt. Fylkeskommunen skriv at dei på eit dialogmøte vil samanlikne praktiske og økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen opp mot konsekvensane for den enkelte kommunen.

Fylkeskommunen inviterte seg også med på møta med dei skulefagleg ansvarlege i januar og februar 2012, der dei gjekk gjennom si forståing av Fylkesmannens avgjerd frå 2011 og at alle kommunar ville få moglegheit til å drøfte sine problemstillingar.

Førde kommune inviterte i brevet 10.05.2012 fylkeskommunen til dialogmøte om skuleskyssen for 2012/2013. Det vart gjennomført to møte mellom partane, der eitt var med

Sunde skule og eitt med Førde barne- og ungdomsskule. Førde kommune skriv at dei også tilbød møte med gjennomgang av dei andre skulane i kommunen, men at fylkeskommunen ikkje såg behov for dette.

Etter Fylkesmannen si vurdering har fylkeskommunen i sitt årlege skriv opna noko meir opp for samråding. Dei har invitert seg med på møte der dei gjekk gjennom si forståing av avgjerda vår frå 2011. Det er opna for innspel, men utgangspunktet er at fylkeskommunen berre dekkjer ein ekstra midtskyss. Det er ikkje teikn til at fylkeskommunen reelt sett har drøfta med kommunen kor mange skyssar som er nødvendige ut frå pedagogiske omsyn, og heller ikkje at fylkeskommunen har prøvd å komme fram til ei løysing med Førde kommune. Fylkeskommunen har som utgangspunkt for dialogen lagt fram sitt syn og konklusjon på tal ekstra busskyssar. Det pedagogiske utgangspunktet for konklusjonen er ikkje klargjort frå starten, eller diskutert i den vidare kontakten med kommunen. Vi vurderer difor at fylkeskommunen ikkje har oppfylt plikta til å «organisere skoleskyssen i samråd med kommunen», etter § 13-4 andre ledd.

#### Samråd om timeplanen

Kommunen skal ta med skyssorganiseringa i vurderingane sine når dei fastset timeplanen og skuleruta, og ta omsyn til at dei saman med fylkeskommunen er ansvarlege for ei trygg og rasjonell skyssordning.

Fylkeskommunen skriv at kommunen fastsette timeplanen før dei inviterte til samråd med fylkeskommunen. Kommunen skriv at rektorane i kommunen har fått beskjed om at dei ikkje kan fastsetje timeplanen før dei har vurdert og dokumentert kvifor og korleis, og at det ikkje er andre måtar å setje saman dagen/veka ut frå det timetalet elevane skal ha. Timetalet til elevane skal følgje timetrappetrinna som Førde kommune har vedtatt for alle skulane, der dei ulike klassetrinna har eit fast timetal per veke. I brevet av 10.05.2013 der kommunen meldte inn skyssbehovet og inviterte fylkeskommunen til drøftingsmøte, tek kommunen atterhald om endringar i skyssbehovet som følgje av komande drøfting med fylkeskommunen. Vi forstår det difor slik at timeplanen ikkje var endeleg fastsett før drøftingane, men at kommunen måtte ha eit forslag for å kunne melde inn skyssbehovet og eit utgangspunkt for å gå inn i drøftingar.

Kommunen inviterte i brevet av 10.05.2012 fylkeskommunen til møte for å gå gjennom timeplanane for skulane og ha dialog om skyssordninga. Kommunen skriv at dei i møta 25.05.2012 og 08.06.2012 gjekk gjennom korleis timeplanane var fastsette, og kva utfordringar skulane hadde med å få til skuledagen utan ekstra skyss for dei minste elevane.

Grunngivinga kommunen gir for at Førde barne- og ungdomsskule ikkje kan kutte i skyssruter, er for det første at seks timar er lenge for dei minste elevane. Vidare skriv kommunen at det er vanskeleg å nå i hop med lærarar med sekstimars dagar, og at romkabalten gjer det vanskeleg å ha nok undervisningsrom dersom alle skal vere på skulen samstundes. Kommunen skriv at dei difor berre har ein langdag, og viser til timetrappetrinna, og at dei ikkje kan pålegge dei minste ein times ventetid.

Kommunen viser til at Sunde skule har klart å redusere tal ekstra skyssar ved at leksehjelp er lagt inn i skuletida, og at alle elevane har SFO. Kommunen viser til at dette er frivillige ordningar som dei difor ikkje kan pålegge elevane, og at dette er grunnen til at dei ikkje har fått til det same på Førde barneskule. Kommunen meiner elles at fylkeskommunen ikkje kan pålegge dei utgiftene med ekstra lærartimar for å endre skyssbehovet. Kommunen meiner dei har samordna timeplanane så langt det er forsvarleg. Dei skriv at dei har lagt vekt på økonomiske omsyn for skysskostnadar og pedagogiske omsyn som ligg i elevane sine rettar etter opplæringslova og forskrifta.

Fylkeskommunen forstår utfordringane kommunen har tatt opp som i hovudsak økonomiske, og skriv at dette ikkje er gode nok grunnar for at fylkeskommunen skal ta kostnadane med ekstra skyssruter. Kommunen har derimot grunnlagt behovet med at seks timar er for lenge for dei minste elevane, og at desse ikkje kan ha ein time ventetid. Kommunen skriv at dei har fordelt timar på dei ulike årsstega ut frå måla i læreplanen. Høgare klassetrinn har meir omfattande læremål slik at det er naturleg at desse har ein lengre skuledag.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at fylkeskommunen har vurdert kommunens pedagogiske grunngeving i si behandling av saka. Kommunen har på si side ikkje utgreidd alternative løysingar for å vise at dei har tatt omsyn til at dei saman med fylkeskommunen er ansvarlege for ei rasjonell skyssordning. Kommunane har ein viss fleksibilitet innanfor fag- og timefordeling, men kommunens vedtekte timetrappetrinn avgrensar den faktiske moglegheita for å tilpasse timeplanen til skyssordninga. Det går ikkje fram av saka at kommunen har vurdert å endre timetrappetrinna, og heller ikkje at dette har vore drøfta som eit alternativ på møta mellom partane. Dette tyder på at kommunen ikkje reelt sett har prøvd å komme nærare fylkeskommunens forslag.

Vår konklusjon er difor at kommunen ikkje har utgreidd og vurdert alternative løysingar og slik synleggjort at dei saman med fylkeskommunen er ansvarlege for ei rasjonell skyssordning.

Vi finn og grunn til å påpeike at fylkeskommunens samråingsplikt er med kommunen, og at fylkeskommunen ikkje kan ventast å samrå med dei ulike skulane. Kommunen må i større grad ta ansvar for å samrå med fylkeskommunen om timeplanane samla for alle skulane i kommunen.

På grunnlag av manglar ved samråinga om både timeplan og skyss, har vi komme til at dei ekstra skysskostnadane som følgjer av timeplanen som er fastsett for 2012/2013, blir å dele likt på Førde kommune og fylkeskommunen.

### **Pålegg**

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune må for skuleåret 2012/2013 dekkje 50 prosent kvar av dei ekstra skysskostnadane som følgjer av den timeplanen som er vedteken for skulane i Førde kommune for dette skuleåret. Vi presiserer at dette er ei konkret avgjerd på grunnlag av dei faktiske omstenda i denne saka. Partane blir for framtida oppmoda om å synleggjere for kvarandre dei pedagogiske omsyna som blir lagt til grunn, og gå i reelle drøftingar om behovet for skyss ut frå dette.

Med helsing

Gunnar Hæreid  
assisterande fylkesmann

Åslaug Krogsæter  
utdanningsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*